

HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE, NAUSTDAL, HOLSEN OG HAUKEDALEN SOKN

NR. 2 SOMMAR 2024 82. ÅRGANG



**Møt den nye leiaren i
Naustdal frivilligsentral**



DEN NORSKE KYRKJA
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde
Tlf.: 57 82 81 80
www.sunnfjordkyrkja.no
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30
Prost: Knut Magne Nesse
Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen
Prest: Carsten Langeland
Diakon: Anita Øvreås Rusken
Driftsleiar: Ingvar Vagstad
Kyrkjeseekretær: Joy Taylor og Toril Øye
Økonomileiar: Trond Herløvsund
Kantor: Gro Gunnarson
Kateket: Heidi V. Styve
Kyrkjeverje: Sissel Vartdal
Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og
Gry Sætre
Prosjektleiar: Johanne Thingnes Leira

NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,
postboks 90, 6806 Naustdal
Tlf.: 57 82 81 80
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.
Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.
Sokneprest: Rigmor Frøyen
Prest: Fredrik Bråttvik
Kyrkjegardsarbeidar: Stig Ove Halbrend
Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland
Kantor: Erlend Os
Kyrkjelydspedagog: Silje Sørebo

FØRDE KYRKJE

Kyrkjegardsarbeidar: Terje Sæle

HOLSEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Eline Styve (frå august)
Reinhald: Jorunn Holsen

HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

NAUSTDAL KYRKJE

Dagleg leiar Jenny Ødven Snildal
Klokkar/kyrkjetenar: Sigrun S. Savland

VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar:
Mette-Elin Standal Sæther

FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

Nytt frå redaksjonen

Dette nummeret er på 16 sider, mot 20 dei siste åra. Trykkekostnadene har auka, og annonseinntekter og bladpengar dekker ikkje kostnadane til trykk og distribusjon. I bladet ligg det ved ein giro, og vi ber pent om at de hugsar bladpengane. Takk til alle som betalar og til annonsørane våre!

Bladet er merka «Informasjon» og går såleis ut til alle husstandar, om lag 7300. Vi får stadig høyre at nokon ikkje har fått bladet i postkassa. Vi har varsla Posten som seier at ein då må kontakte den lokale postomberaren. Kyrkjekontora har ekstra blad liggjande, og vi legg nokre blad på NMS Gjenbruksbutikk.

I dette nummeret får du møte Anders Alvaro Nydal, nyttilsett leiar for Frivilligsentralen i Naustdal. Saman med tilsette og frivillige i kyrkja og an-

dre organisasjonar skal han vere med å skape aktivitet og lage møteplassar. Vi er glade for å vise fram godt samarbeid og dugnadsånd rundt om.

Kjenner du nokon som du tenker burde bli intervjuet i bladet? Nokon som har ei historie eller gjer noko som andre bør kjenne til? Tips oss gjerne! Her på side 2 finn du kontaktinformasjon og stofffrist til neste nummer.

Det er mykje som skjer gjennom sommaren. Få gjerne med deg ei friluftsgudsteneste eller stølsmesse i sommar! Du finn informasjon om dei i bladet. Bakom ligg stor innsats frå mange. Har du lyst til å bidra som frivillig på noko av det som skjer? Ta kontakt med kyrkjekontora, eller dei som sit i sokneråda.

God sommar!

HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

Redaksjon:

Jenny Snildal, Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@eninvest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- annbjorg.hesselberg@gmail.com

Grafisk utforming:

Firda Tidend Grafisk, Sandane

Trykk:

Printfarm, Øvre Årdal

Frivillig bladkontingent
Kr. 350,-

Bankkonto:
3705.15.33896

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»

Skal du flytte?

Du kan abonnere på Helg og Heim. Kontakt Joy Taylor på Førde kyrkjekontor

Utgjevingsplan 2024

Nr. 3: Stofffrist:

Onsdag 14. august

I posten veke 38

Nr. 4: Stofffrist:

Onsdag 23. oktober

I posten veke 48

(Det kan komme endringar.)



Framsdebilde: Anders Alvaro Nydal bli intervjuet i dette nummeret. Foto: Annbjørg Eiksund Hesselberg.

Nytt om namn

Ellinor Wergeland – arbeidsleiar i fellesrådet – trappar ned etter eit langt og innhaldsrikt arbeidsliv. 1. april vart ho pensjonist, og den første telefonen frå kyrkjeverja etterpå besvarte ho frå vevstova, så då har overgangen gått heilt etter boka.

Tekst og foto: SISSEL VARTDAL, kyrkjeverje i Sunnfjord

Ellinor starta som kyrkjeverje i Naustdal i 2012. Då samanslåinga av kommunar, og fellesråd, vart ein realitet 1. januar 2020 gjekk ho inn i kyrkjeverja si leiargruppe i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd. Oppgåver har vore knytt

til drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar, og dette kan eg love er ein svært variert oppgåveportefølje; rutinar og ressursfordeling i den daglege gravferdsforvaltninga, kontakt med festarar av graver knytt til dei 14 kyrkjegardane, store og små vedlikehaldsprosjekt i dei 10 kyrkjene, kontakt med eit utal handverkarar og andre fag, innsikt i lov- og regelverk, søknadar til biskop, statsforvaltar og riksantikvar, utbetring av ringesystem knytt til kyrkjeklokkene og kalking av gravfelt – for å nemne noko. Lista er lang, og Ellinor har gått inn i oppgåvene med iver, engasjement og stor vilje til å finne løysingar. Ho er uredde i møte med nye ting, og har etter kvart skaffa seg mykje kunnskap om gamle, verneverdige bygg og gravplassar med ulikt jordsmonn. Denne innsikta er ikkje noko ein berre kan lese seg til, dette må erfarast gjennom praksis.



Arbeidsleiar i fellesrådet, Ellinor Wergeland, trappar ned.

Eg vil takke Ellinor hjartelegast for stor innsats gjennom desse åra. Eg er og glad for at ho ikkje er heilt pensjonist enda,

men vil halde fram med enkelte oppgåver, og ikkje minst vere ein god rådgjevar for både driftsleiar og kyrkjeverja.



Silje Sørebo blir trusopplærar i Jølster og Naustdal, her saman med dottera Engel. (Foto: privat)

Silje Sørebo vert ny kyrkjelydspedagog i Naustdal frå hausten, ho skal dele tida si mellom Jølster og Naustdal i til saman 50 prosent stilling.

Tekst: SISSEL VARTDAL, kyrkjeverje i Sunnfjord

«Silje prest» som dei kallar ho i Jølster, går ut av prestestillinga der etter 9 år som sokneprest. Før det var ho prest i Holmlia i Oslo. Fellesrådet er svært glade for at Silje ønskjer å halde fram i kyrkja, no med trusopplæring som hovudarbeidsfelt. Kyrkjelydane i Jølster og Naustdal får ein kyrkjelydspedagog som kjenner kyrkja og kyrkja sitt arbeid med trusopplæring godt. Ta vel i mot Silje – no i ny rolle.



TIL ETTERTANKE

Av INGVALD ANDERSEN FRØYEN
Sokneprest i Førde, Holsen og Haukedalen

Å høyre til, utan å miste seg sjølv

Eg har nett lese ei bok der to store spørsmål vert formulerte: Korleis kan ulike menneske leve saman og sameinast i ein fellesskap, utan å måtte gje opp sin eigen identitet? Og; kva er eit menneske sin verdi knytt til?

Ein skulle kanskje tru at eg har lese ei bok om menneskerettar eller eit politisk manifest, men eg har lese ei bok om apostelen Paulus sin teologi og tenking, og forfattaren er ein av dei eg hadde som lærar i Det nye testamentet då eg studerte for å bli prest. Karl Olav Sandnes

Fellesskap og menneskeverd er moderne ord, men Karl Olav Sandnes seier at dette også er kjerneverdiar i alt det Paulus seier og står for. For Paulus var det avgjerande å finne ut korleis jødar og grekarar,

og andre grupper, kunne leve saman i dei nye kyrkjelydane som vaks fram i det fyrste hundreåret etter Jesus. Og det hadde mange praktiske sider for korleis dei skulle respektere kvarandre på tvers av ulike tankar kring mat, skikk og kultur.

Paulus var sjølv jøde, og difor var det ganske radikalt då han sa: – De som er ikkje-jødar treng ikkje bli som meg eller leve som meg, for i dei kristne kyrkjelydane er det noko anna som sameinar oss. Det er ikkje kjønn, status, etnisitet eller språk som samlar oss og gir oss verdi, - men det at vi alle er Guds born og sysken i Jesus Kristus.

Jesus skapar eit nytt fellesskap på tvers av alle skilleliner som finst mellom oss menneske. Dette var ein radikal bodskap den gongen, for 2000 år sidan, men det er minst like radikalt i dag. Framleis bygger vi murer mellom folk. Framleis er det «oss og dei».

I kyrkja talar vi framleis dette radikale språket.

Kvar gong eit menneske er døypt i kyrkja seier vi: – Dette er Guds born og vår bror. Teken imot i vår kyrkjelyd og i Guds verdsvide kyrkje. Ta godt imot han.

Vi er del av den verdsvide kyrkja. Vi er ikkje oss sjølv nok.

Det at vi er ei norsktalande kyrkje gir oss ikkje noko fortrinn framfor andre kyrkjer. Det som samlar oss i kyrkja er nemleg ikkje felles kultur og etnisitet, men at vi har ein felles tru på Gud som Skapar og Frelsar.

Difor vert eg fylt av glede kvar gong eit born som er døypt vert lyfta opp i kyrkja og vi får høyre: – Ta godt imot vår syster som er del av vår lokale kyrkjelyd og Gud verdsvide kyrkje.

Då ser vi det store biletet av Guds utvida familie her i verda.

Om du ikkje allereie er med i lokalkyrkja di, så vil vi ynskje deg velkomen.

Velkomen til eit oppe og raust fellesskap av ulike menneske i alle aldrar.



Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barkedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmølsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no



Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barkedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com



To solide benkar, laga av nær 80 år gamle bøketre, er plassert i solveggen på sørsida, med god avstand om ein vil sitje i fred. «Vakse opp på Førde kyrkjegard. 1942-2021.» står det på benkkeryggen.

Frå bøketre til benkar

Dei store bøketrea som sto rundt Førde kyrkje tidlegare, er tilbake; i form av to flotte benkar.

Tekst og foto: Hanne Schnitler

I 2021 vart fleire store bøketre rundt Førde kyrkje felt, til sorg og protestar. Men trea som var planta på 1940-talet, sto for nær kyrkja og var i ferd med å gjere skade på bygget. Fuglesongen stilna, men kyrkja vart meir synleg i bybildet.

Treverkstaden Timbla i Kaupanger fekk ta hand om nokre av trea etter felling og fekk laga to flotte benkar. No er dei tilbake til «fødestaden» attmed kyrkja og plassert ved sørveggen. Dei har fått inskripsjon med årstal, nett som på gravene rundt.

No kan vi sitje på ein vakker benk og sjå utover kyrkjegarden. Vi kan studere det vakre treverket i benken og tenke på tida som går, på dei store spørsmåla, og livet her og no.

Kyrkjegarden er ein fredeleg oase som er open for alle. Ta deg tid til ein rusletur rundt på kyrkjegarden, og sett deg gjerne ned og få med deg eit stykke bøkeshistorie!



Bøketrea vart felt i april 2021, og det var ein krevjande jobb å felle trea som sto så nær kyrkjebygget.

Bli kjend med Anders Alvaro Nydal

Med etternamnet Nydal vil sunnfjordingar gjerne plassere han som holsing. Men nei - det var oldefaren hans, Gustav, som kom derifrå. Han busette seg i Brandsøy, og vart opphav til ei ny stor grein av Nydalsfamilien. Tek vi så med at Anders på morsida har familien sin i Naustdal, så er det kanskje ikkje så rart at han fatta interesse for utlysinga av stillinga som leiar i Naustdal Frivilligsentral.

Tekst og bilete:

ANNBJØRG E. HESSELBERG

Frivilligsentralen har mange ballar i lufta, og både for dei som er godt kjende med det sentralen står for, og dei som ikkje er heilt oppdaterte, kunne det vere interessant å få eit innblikk – tenkte redaksjonen i Helg og Heim. Kvifor ikkje ta ein prat med den nye leiaren?

Anders er ikkje tung å be når eg spør om han har lyst på ein kaffikopp - mot å fortelje litt om seg sjølv og det arbeidet han no skal leie. Sunnfjord kommune har tilsett han, og vi kan mistenke at innsatsen han gjorde for å få barn og unge ut i organisert aktivitet att etter corona-pausen, gjorde at han vart aktuell til den nye jobben.

Dansaren er brun heile året

«Pappa, kvifor er du så brun heile året?» har barna hans spurt. Både Anders og dei to yngre søstrene hans kom som heilt små frå Colombia. Det er ein naturleg og avslappa bit av familiehistoria der i garden.

Han er likevel noko for seg sjølv (kven er ikkje det?) – for det er kanskje ikkje gjennomsnitts-sunnfjordingen som dreg til England og tek utdanning som dansar. 37-åringen har bl.a. hatt eigen danseskule på Nordfjordeid og jobba i kulturskulen, før han slo seg til i Førde som lærar på Sunnfjord Folkehøgskole, på Solvang. Der har han stått for regien på ei rekke oppsettingar, gjerne i samarbeid med musikk lærar Erlend Os. Den nyaste var ein publikumssuksess i Førdehuset: Kardemomme by. For ikkje å slippe taket i den tidlegare aktiviteten har han teke på seg å vere instruktør ein ettermiddag i veka på Danseverkstaden i Førde.

Ut på tur

Frivilligsentral og Frisklivsenter er nære 'slektingar' – og Anders har fått med seg eit godt forhold til friluftslivet frå oppveksten. Han går på hjortejakt og trenar hund (søk etter skadde dyr), han trivs på ski, gjerne saman med familien. I den samanheng røper han at Bua kan vere nyttig for barne-

familiar, når fjorårets ski og sko ikkje passar lenger til ungar som veks fort. Anders slår gjerne eit slag for denne kommunale utlånssentralen for alt av utsyr til friluftslivet. Det fins ingen grunn til å ikkje komme seg ut, ifølge Anders. Telt og primus, og alt du ellers måtte trenge, fins til låns, berre du registrerer deg og leverer utstyret tilbake etter ei veke. «Skulle gjerne ønske at fleire innvandrarakoppdaga dette tilbodet!»

Bli kjend

– *Kva driv du med om dagane?* spør vi.

No i oppstartsfasen på jobben er han oppteken av å kartlegge alle dei flotte aktivitetane som er i gang, bli kjend både med noverande og potensielle nye frivillige – og få fleire til å oppdage dei tilboda som fins. Han har kontor ved servicetorget i Naustdal og er å treffe der, eller på telefon eller e-post: anders.alvaro.nydal@sunnfjord.kommune.no

Det er også nyttig å vere til stades på t.d. årsmøte i lag og foreningar, så Anders kan dukke opp både her og der.

I Naustdal

er det eit godt samarbeid / byt arbeid med Kyrkjelyds- huset, ved at Frivilligsentralen brukar huset til Aktivitetskafé der song-glade møtes kvar torsdag - og til gjengjeld skaffar dei dugnadshjelp når der er minnesamvær på huset. Kyrkjelyds huset har jo blitt ein viktig møteplass fleire dagar i veka, der folk får seg ein prat over ein kaffikopp eller middag. Villige hjelparar skriv seg på liste.

På Naustdal Omsorgssenter møtes folk også stadig: Kjekke karar, Fredagsdrøs og Nillestova kan vere stikkord. Er du på nett, finn du alt dette på: <https://naustdal.frivilligsentral.no/> - For dei som slit med å komme seg inn i data-verda, har Anders ellers planer om eit kurs-opplegg til hausten.

No framover har Anders mykje fokus på Sanden-søndag 25.august. Han har mange idear på blokka, så her kan vi berre vente i spenning. Men før den tid skal det bli Jon-sok-feiring same stad.

Målet for frivilligsentralen

er jo at vi som bur i våre små og store lokalsamfunn skal finne meningsfulle og kjekke aktiviteter, at det sosiale limet skal gi tryggleik og trivsel. Kommunen kan ikkje ta hand om alle behov. Eit godt eksempel er tenesta med å køyre ut varm mat til dei som har lagt inn bestilling på «Heimen». Her samarbeider omsorgstenesta i kommunen med frivillige hjelparar for å få dette til å gå rundt. Å gi eller å få hjelp er jo aktuelt i ulike faser i livet.

Somme kan kanskje vere litt redde for å ta på seg faste oppgåver. Men å gå inn i frivillig arbeid treng ikkje bli ei belastning, dersom det er mange nok til at oppgåvene kan delast og gå på skift. Gleda ved å treffe andre og vere til nytte kan ikkje overvurderast. Vi treng heile tida nye frivillige!

Styrke – ikkje styre

Frivilligsentralen sine aktiviteter skal komme i tillegg til – og nokre gonger koble saman arbeid i lag, foreiningar og kyrkjelyd. Stikkord er samarbeid, ikkje konkurranse.

- Det er fint at det er tilbod på ulike arenaer, og eg vil gjerne vere med å gjere kjent kva som skjer, seier Anders. Som eksempel på arbeid som er i god gjenge, nemner han Tambar-skjelvar idrettslag.

Ungdommane

står naturleg nok Anders sitt hjarte nær, etter åra på folkehøgskolen. Han arbeider med å opprette kontakter i ulike miljø for å høyre kva dei ynskjer seg av aktiviteter. Det treng jo ikkje vere slik at alt spennande berre skjer i Førde! Han nemner arrangement og /eller prosjekt som kan vere aktuelle.



Anders Alvaro Nydal er den nye leiaren for Naustdal Frivilligsentral.

Din motivasjon?

Anders vil gjerne gi glede og meistring til så mange som råd. Å gjere kvardagen god for

alle generasjonar er eit mål. Jobben inneber sjølvsagt mykje organisering. Men dette står ikkje i motsetning til å la

nye idear blomstre. Han omtalar seg sjølv som kreativ – og det trur vi på!

Kyrkjelydshuset i Naustdal – eit levande hus

Det ligg mykje dugnadsarbeid bak det flotte tilbygget til kyrkjelydshuset. No har bygget vore i drift i 10 år. Blautkake med mykje krem må det vere når noko skal feirast i Naustdal.

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

Årsal må det óg vere, og rikeleg med gevinstar. Slik er det berre.

Styreleiar for kyrkjelydshuset, Einar Skudal, fortalte til fullsett sal om oppstarten og dugnadsarbeidet i åra før ein kunne ta i bruk det nye tilbygget i 2014. Entreprenørar og fagfolk stilte med arbeid og utstyr, og mykje vart gjort av bygdefolk på dugnad. Alle lån er no nedbetalt, og huset er til god nytte for alle i bygda. Kyrkjelydshuset i Naustdal består av ein gamal og ein ny del. Den eldste delen har og fått eit ansiktsløft, men «både ein 10-åring og ein hundreåring treng støtte vidare i livet», seier styreleiar.

«Den som starta prosessen, var NAV», kunne Gunnar Hage føye til. Han var med i styret for huset i 2006. Då fekk han spørsmål frå Nav om dei kunne få kjøpe tomta. Det sette i gong ein tankeprosess: Skulle dei nytte tomta sjølv, til utviding av det gamle kyrkjelydshuset? Det tok si tid, først i 2014 sto tilbygget ferdig. Og no blir huset nytta til kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid,

temakvelder og kyrkjekaffi, i tillegg til utleige. Kvar onsdag kl 11-16.30 er det kafé på huset med middag og anna godt, og kvar 3. onsdag vert det servert raspekaker. Om du kjem seint og vil kjøpe middag den dagen, bør du bestille på førehand. Siste onsdag i månaden er det fast årsal, og folk kjem med gevinstar som dei veit blir sett pris på.

Ein slik uformell samlingsstad er uvurderleg! Jenny Snildal er tilsett som dagleg leiar, og ho har med seg eit godt team av frivillige for å halde kafeen i gong. Ho styrer med dagleg drift og utleige av bygget. Frivilligsentralen og andre lag nyttar óg huset til ulike formål. Kvar torsdag har Frivilligsentralen ansvar for kafé på huset. Der er også kafé annankvar laurdag med servering av middag og kaffimat.

Dei første planane om å byggje eit kyrkjelydshus i Naustdal kom på 70-talet. I 1978 var Øystein Bjørdal tilsett som prest i Naustdal, og Inge Eiksund var kyrkjelyds-



Anne-Lise Apalseth serverer solide porsjonar med raspekaker på onsdagskafeen.



Blautkake med mykje krem må det vere når noko skal feirast i Naustdal.

sekretær. Begge sakna eit eigna lokale til kyrkjelydsarbeidet. I Naustdal var det ikkje be- dehus, og til no hadde kyrkja fått bruke skulen, men den ordninga tok slutt. Skulle kyrkjelyden byggje eit eige hus? Då kom «Reedhuset» midt i sentrum for sal. Då valde ein å overta det framfor å byggje nytt, sjølv om mykje måtte gjerast. Huset var frå om lag 1910, og har vore nytta til bakeri, kafé, systove, tannlegekontor og skulekontor tidlegare. Det måtte store ombyggingar til for å gjere det tenleg som kyrkjelydshus. Men då huset vart innvia i 1983, vart det omtala i Firda som det einaste «reindyrka» huset i sitt

slag i Sunnfjord.

«Reedhuset» fungerte godt til mange aktivitetar, men til minnesamvær og større samlingar blei det for lite. Ulike planar blei lagt for å få til eit tilbygg, før ein landa på løysinga som no har vore i drift i 10 år.

Gunnar Hage har laga eit hefte som syner historia til både den gamle og den nye delen. Her er mykje interessant lesestoff. Ein blir overvelda av alt som er gjort av dugnadsinnsats og pengegaver for å byggje, vedlikehalde og drive dette bygget. Framleis blir det meste gjort på dugnad, men det ser ikkje ut til at naustedølar er vonde å be.



- Designmøblar
- Eldstader for hus og hytte
- Montering - rehabilitering

ATLE an
NAUSTDAL

Naustdalsvegen 5, Førde
Tlf. 57 82 13 76




Naustdal
Dampbakeri

KVALITET
GJENNOM
GENERASJONAR

57 72 41 40
dampbakeriet.no

Reiakvam

- Din fotograf i Førde sidan 1946

57 82 19 77 / foto@reakvam.no
reakvam.no

Gode tilbud på flis, beleggingsstein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

Boligkompaniet

www.boligkompaniet.com
tlf. 906 19 654



Finne din nye bustad hos oss!

Moderne og lettstelte leilegheiter.
Kom gjerne innom oss for ein prat, Halbrendssøyra 2 i Førde.
www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00



Gravdalgruppa

Gravminne
finn du hos oss



FAGMILJØ

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

ALTI ● SPORTSKLEDE
● SPORTSUTSTYR
● BARNEUTSTYR

Erdal Sport



Astrid
Blomster

Elvetorget, Førde
Tlf. 57 82 17 05
astrid.blomster@interflora.no

Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



Roger Pettersen A/S

OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR
6810 Førde - tlf. 907 32 380



MALER RUNE
SKILBREI
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!
fb.me/malerskilbrei
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?
Vi har utvalet! Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!



FØRDE
GJESTEHUS
OG CAMPING

www.fordecamping.com 468 06 000 • Kronborgvegen 44



EXTRA

NAUSTDAL



Best

NAUSTDAL

Håp i ein dråpe vatn!

19. mars gjekk årets Fasteaksjon av stabelen, til inntekt for arbeidet til Kirkens Nødhjelp. Konfirmantane hadde fått informasjon på førehand om prosjekta som Kirkens Nødhjelp driv i over 30 land. Tema i år som i fjor var reint vatn. Om lag 800 millionar menneskje i verda lever utan tilgang til reint vatn.

Konfirmantar og foreldre gjorde ein solid innsats under aksjonen. Dei drog ut i alle bustadområde, byggefelt, grender og gardsbruk for å spørje framande om støtte til aksjonen. Kor mange kilometer som vart dekt, veit vi ikkje, men nokre var ute i fleire timar. I Førde kom konfirmantane tilbake til bollar, saft og quiz. Eit av spørsmåla på quizzen var kor mykje pengar som må til for å gje eit menneskje tilgang til reint vatn for resten av livet. Svaret får du her; kr 300,-. «Då har vi sørgja for vatn til ein heil landsby!» var responsen frå eit av borda.

I år kjem ikkje resultatane frå innsamlingsaksjonen for kvar kyrkjelyd før i juni, då Vipps ikkje kan levere dette. Men totalsummen til no for heile landet er kr 20 201 031,-!

Innsatsen nyttar! Takk til konfirmantar, foreldre og frivillige som stilte opp for Fasteaksjonen!



Elias Dale (fv.), Brage Sørbo og Sindre Kleppen er klare til innsats og viser fram bøsser og vippsnummer. Fekk du ikkje besøk av bøsseberarane? Det er ikkje for seint å bidra, vipps til 2426!

Velkommen til leir på Nesholmen



KFUK
KFUM

21. – 23. juni: Barneleir for aldersgruppa 1. til 4. klasse.


24. - 27. juni: Aktivitetsleir for aldersgruppa 5. til 7. klasse.

27-30. juni: Gamingleir for aldersgruppa 4. klasse til 3. vidaregåande klasse.

Vi ynskjer å skape opne, trygge fellesskap der barn og unge kan vere seg sjølv, få opplevingar for livet og utvikle seg som heile mennesker. Leirstaden ligger i Gloppen kommune, ca 30

minutt frå Hyen mot Florø. Leirstaden ligg idyllisk til ved Storfjorden.

*Arr. KFUK-KFUM
Sogn og Fjordane*



Trusopplæring

For oppdatert informasjon: Sjå heimesida <https://kirken.no/sunnfjord> eller last ned appen **MinMenighetsportal**. Følg også med på facebooksidene til Førde kyrkje og Naustdal kyrkje.

STØRST AV ALT

Trusopplæring i Førde sokn:

0 – 1 ÅR:

Spiren/Babysong

Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. For barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta med matpakke! Vi serverer te/kaffi. **Siste gong før sommaren er 29.mai. Oppstart 21. august.**

1 – 3 ÅR:

Krøllesamling

Kvar onsdag kl. 17.30 – 18.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. Vi syng og leikar i lag. **Oppstart 4. september.**



4 – ÅR:

Gudsteneste med utdeling av bok

Søndag 8. september kl. 11.00 i Førde kyrkje. Barnegudsteneste med utdeling av bok til barna som fyller 4-år i hausthalvåret, og samling for dei etter gudstenesta.

Påmelding på nettside: <https://minkirkeside.no/Sunnfjord>

7-10 ÅR:

Vakuumdagane - aktivitetsveke for barn frå 1. – 4. klasse.

• 13. – 16. august på Førde barneskule og Førde kyrkje.

Vakuumveka er full av aktivitetar og gode opplevinga og er ein del av trusopplæringa i Førde, Holsen og Haukedalen. Barna skal bli betre kjende med kyrkja og få ei innhaldsrik veke før skulestart.

Påmelding på nettside:

<https://minkirkeside.no/Sunnfjord>

10 – 12 ÅR:

Ope hus

Klubb-kveld med leik, formidling og kiosk fredagar frå kl. 18:00 – 19.30 på Førde Kyrkjetun:

- Fredag 30. august
- Fredag 20. september
- Fredag 18. oktober

Korskulen i Førde

Korskulen har tre kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tysdag:

Knøttekor ca. 3,5 år til ca. 5 år:

Kl. 17.20 – 18.00

Aspirantkor ca. 6 år – 2. klasse:

Kl. 18.05 – 18.50

Barnekoret 3. klasse og oppover:

Kl. 18.55 – 20.00

Oppstart tysdag 20. august

Har du lyst å bli med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson, eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje».

Kontingent per semester: kr. 200.

Vi minner om at aktivitetane og tiltaka våre er opne for alle. Ein treng ikkje vere medlem av Den norske kyrkje. For meir informasjon sjå nettside: www.kirken.no/sunnfjord

Famileleir på Alværa

31. mai – 2. juni


Påmelding innan 29. mai 2024 på nettsida nmsu.no/ucamp/leirer, eller tlf. Benedict Ernest Peter tlf. 99 58 02 54

Trusopplæring i Naustdal og Vevring

Frå september vil Silje Sørebo, tildlegare prest i Jølster, vere med på eindell av samlingane og opplegg i Trusopplæringa. Ho er tilsett som Kyrkjelydspedagog. Vi er svært glade for å få Silje med på laget vårt!

Babysong

Annankvar onsdag kl 11.15 til 12.30 på Naustdal kyrkjelydshus. Oppstart onsdag 21. august.



Naustdal barnekor

Kvar onsdag frå 13.15-13.45 er det øving for 1 – 4. klasse. Ved Erlend Os.

Gudsteneste med utdeling av bok

15. september kl 11.00: Gudsteneste med utdeling av bok til 4 åringar i Naustdal kyrkje. Samling for barna nokre dagar før utdeling av bok.

20. oktober kl 14.00: Utdeling av bok til 6 åringar i Naustdal kyrkje. Mat og aktivitet etter gudstenesta.

17. november kl 11.00: Utdeling av Bibelbok til 10 åringar i Naustdal kyrkje. Dåpsfest og Bibelknask-samling i tillegg.

17. november kl 14.00 i Vevring kyrkje: Utdeling av bøker og anna materiell til barna.

DET SKJER

10-kaffi på Førde kyrkjetun

Kvar onsdag frå kl. 10.00 i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun. 12. juni er siste 10-kaffi før sommaren. Oppstart 21. august.

Førde kyrkjekor

Øving i Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00. Vil du vere med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson. Oppstart 21. august kl 19.00.



Kyrkja i byen

Kvar torsdag frå kl. 13.30 – 15.30, er vi på «Storebrua» mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkomen!

Strikketreff

Annankvar måndag kl. 11.00 – 14.00 på Førde kyrkjetun. Bli med å strikke for «Ull og omtanke – Sunnfjord». Ta med matpakke, så et vi lunsj i lag.

27. mai,

8. juni.

19. august,

2. og 16. september

Naustdal kyrkje

Naustdal kyrkjekor tar svært gjerne mot fleire medlemmer. Ta kontakt med Erlend Os.

Torsdag 30.mai kl 11:00: «Vi syng ilag» i Naustdal kyrkje. Kyrkjekaffi på kyrkjelydshuset.

I godt samarbeid med Naustdal frivilligsentral, Pensjonistlaget og Omsorgsenteret. Alle song-glade i alle aldrar: bli med og syng! Det er helsefremjande!

Konsertar i Førde kyrkje

Tysdag 28. mai kl. 17.00:

KORSKULEN SIN VÅRKONSERT

Onsdag 29. mai kl. 19.00:

ORGELKONSERT

Abram Bezuijen spelar J. S. Bach sine Goldbergvariasjonar. Billettar kr. 200,-.

Laurdag 8. juni kl 15.30:

KONSERT MED FØRDE KAMMERKOR

i samband med korstemne i Førde.

Fredag 5. juli kl. 23.00:

FESTIVALKONSERT

med Gjermund Larsen Trio

Friluftsgudstenester og stølsmesser i sommar

Søndag 2. juni:

Bygudsteneste ved Førde rådhus.

Søndag 9. juni kl 12.00:

Friluftsgudsteneste i Vevring. Nærare informasjon om stad og opplegg vert kunnjort i «Det skjer» /plakat og heimeside.

Søndag 16.juni kl 12.00:

Friluftsgudsteneste ved Svobrua Friluftsområde. Følg fv 512 skilt mot Nes, innover Naustedalen, ca 20 km. Høve til parkering i området. Naustedalen spelemannslag vert med. Ta gjerne med kopp og noko å sitje på. Kaffi og mat sørgjer soknerådet/frivillige for.

Søndag 30. juni kl. 11.00.

Friluftsgudsteneste på Røyrvikfjellet

Denne søndagen blir det felles gudsteneste for Holsen, Haukedalen og Viksdalen.

Søndag 7. juli kl. 15.00:

Sommargudsteneste i Vevring kyrkje

Bli med på sommartur til den vakre bygda og få med deg song-gudsteneste i kyrkja! Kanskje du ikkje har sett den særmerkte altertavla i Vevring kyrkje? Kyrkjekaffi i kyrkjestova. Vil du slå følge? Kontakt sokneprest Rigmor Frøyen tlf 489 57 436, eller Jetvard Kalland 907 24 769. Avreise kl 14.00 frå Naustdal kyrkje.

Søndag 21. juli kl. 12.00:

Stølsmesse på Årskogstølen i Haukedalen.

Turen startar på Årskog på sørsida av elva i Haukedalen. Køyr til høgrefløyen ved krysset ved skulen for å koma til Årskog.

Følg skogsvegen opp lia og start ved skiltet «Årskogstølen».

Ta med mat og drikke. Kontaktperson Bodil Frøysland.

Søndag 4. august kl. 12.00:

Stølsmesse på Gulefjellet i Holsen.

Køyr omlag 2 km forbi Holsen kyrkje. Du kjem til ein skarp sving, Leitesvingen, ta av til høgrefløyen. Du har eit raudt hus på høgrefløyen med det same du svingar av vegen. Parker der, eller køyr skogsvegen (bomveg) opp til inngjerda p-plass. God sti til stølen, ca. 20 minutt og gå. Ta med mat og drikke. Kontaktperson: Anne Berit Holsen.

NORDISK KJØKKENDESIGN

JKE
NORDIC KITCHEN DESIGN

Hafstadv. 34 (Bergegården)
6800 Førde - tlf. 913 11 837
ms@jke-forde.no

FARGERIKE
NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKJEDE

Førde Fargehandel %s
TLF. 57 82 99 50
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER

LANDSLOV  JUBILEET
1274 2024

Folkefest 27.–29. september

Sunnfjord kommune si feiring av 750-jubileet for Magnus Lagabøtes landslov er lagt til Ålhus i Jølster.

Sjå artikkelen i Helg og Heim sitt påskenummer om bakgrunnen for jubileet. No er mykje av programmet klart, og det er berre å gle seg!

FREDAG

Feiringa byrjar alt fredag med ein fagdag om lova si historie og kor viktig ho har vore og framleis er. Mellom innleiarane er den omtykte formidlaren og rettshistorikaren Jørn Øyrehaugen Sunde.

Til den høgtidlege festopninga fredag kveld hentar vi over to hundre kostymer frå



Frå spelet om Audun Hugleikson.

spelet om Audun Hugleikson ned frå loftet på Eikaasgalleriet og kler oss i middelalder-drakt. Fleire av kunstnarane frå spelet vil delta i programmet på opningsfesten og tonefølgje vil vere ved Henning Sommerro.

LAURDAG

- Marknadsdag ved Eikaasgalleriet. Sauekåring, hesteskokasting, leik og moro.
- Kyrkjekonsert i Ålhus kyrkje
- Festgilde i Borgja

SØNDAG

- Høgtidsgudsteneste med biskop-besøk
- Opning og omvising i ny kulturminneløype
- Hagefest i prestegardshagen

FARSUND FLIS
flis for alle

Kvalitet - Kompetanse -
God service

Nytt, stort lokale
på Sanderplassen 10 i Førde.

Kom gjerne innom og
sjå vårt store utval.



arnes
frisørhjørne

Timebestilling
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35
Langebruvegen 19
6800 Førde

RIKKEN

Langebruv. 26 (v/Domus)
Førde
Tlf. 472 56 398
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL
INNRAMMING
BILDE



Velkommen til oss!

Elvevegen 1, Førde
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar
utanom torsdag 11-15
Torsdag 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON



- møblar
- belysning
- gardiner
- utemøblar
- solskjerming

MARIAS HUS

nordisk design · interiør · møblar

Tlf. 478 39 411
Angeidalsv. 4, Førde (Hukseth-huset)
post@maria-hus.no | //mariahus.no

**Warvik
kvitevareservice**

Førde
Telefon: 900 39 050,
send gjerne melding

GUDSTENESTER

Velkommen til kyrkje!

TORS DAG 30. MAI

Naustdal kyrkje 11.00 Song og musikk-gudsteneste

SØNDAG 2. JUNI

Førde 12.00 Bygdsteneste ved Rådhuset
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste

ONSDAG 5. JUNI

Naustdal kyrkje 10.30 Tidebøn

TORS DAG 6. JUNI

Haukedalen kyrkje 19.00 Song mot sommaren

SØNDAG 9. JUNI

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Vevring kyrkje 12.00 Friluftsgudsteneste
Holsen kyrkje 19.00 Gudsteneste

SØNDAG 16. JUNI

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal 12.00 Friluftsgudsteneste ved Svobrua friluftsområde

ONSDAG 19. JUNI

Naustdal kyrkje 10.30 Tidebøn

SØNDAG 23. JUNI JONSOK

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

MÅNDAG 24. JUNI JONSOK

Haukedalen kyrkje 19.00 Gudsteneste

SØNDAG 30. JUNI

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste
Holsen 11.00 Fellesgudsteneste med Viksdalen på Røyrvik-fjellet

SØNDAG 7. JULI

Førde kyrkje 11.00 Festivalgudsteneste i samarbeid med Førdefestivalen
Naustdal kyrkje 13.00 Dåpsgudsteneste
Vevring kyrkje 15.00 Sommargudsteneste. «Vi syng ilag»

SØNDAG 14. JULI

Naustdal kyrkje 11.00 Fellesgudsteneste for Førde og Naustdal

SØNDAG 21. JULI

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Haukedalen 12.00 Stølsmesse på Årskogstølen

SØNDAG 28. JULI

Sunnfjord Museum 11.00 Friluftsgudsteneste i Movika

SØNDAG 4. AUGUST

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 14.00 Gudsteneste
Holsen 12.00 Stølsmesse på Gulefjellet

SØNDAG 11. AUGUST

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Vevring 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 18. AUGUST

Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste
Haukedalen kyrkje 19.00 Gudsteneste

SØNDAG 25. AUGUST

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste.

SØNDAG 1. SEPTEMBER

VINGARDSSØNDAGEN

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje 13.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste. Presentasjon av årets konfirmantar
Vevring kyrkje 14.00 Gudsteneste. Presentasjon av årets konfirmantar
Holsen kyrkje 11.00 Gudsteneste

TORS DAG 5. SEPTEMBER

Førde kyrkje 19.00 Kvardagsmesse

SØNDAG 8. SEPTEMBER

Førde kyrkje 11.00 Barnegudsteneste

SØNDAG 15. SEPTEMBER

Naustdal kyrkje 11.00 Familiegudsteneste med 4-åringar
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 22. SEPTEMBER

Vevring kyrkje 11.00 Song- og musikk-gudsteneste
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

Velkommen til bygdsteneste ved Førde rådhus søndag 2. juni!



Besøkstenesta i Førde sokn

Har du tid og lyst til å vere med å ha ei meningsfull oppgave? Nokre personar er allereie med i besøkstenesta i Førde, men det er plass til fleire. Diakon Anita Øvreås Rusken har ansvaret for tilbodet. Dei som er nye får rettleiing, informasjon om teieplikt, skriftleg avtale og tilbod om oppfølging. Anita er med på det første heimebesøket.



DØYPTTE

FØRDE KYRKJE

25. FEBRUAR

Astrid Hope Knapstad
Astrid Grønsberg Hansen
Døyppt i Naustdal kyrkje
Mirjam Da Silva Reiakvam
Emil Tjørhom Solheim
Anna Fernandez Stefans

3. MARS

Emma Skauge Jamne
Døyppt i Biskopshavn kyrkje
William Rivedal Borlaug
Døyppt i Bygstad kyrkje

10. MARS

Tidemand Lervåg Kjerstad
Sara Olivia Wold-Helgås
Matheo Øen Aasen
Frøya Helgås Sivertsen
Kasper Svarstad Kvamen

17. MARS

Ulrik Naustdal Isan
Døyppt i Tjugum kyrkje
Stella Bruland Nedberge
Liam Hoti Fjørstad
Alfred Mølmesdal Rotnes

24. MARS

Sander Evebø Flatjord
Døyppt i Helgheim kyrkje

31. MARS

Filip Leander Gjerland
Ludvig Hope Strandos

7. APRIL

Leander Olav Grytten Hammar
Tobias Louie Iman

14. APRIL

Liam Hagenes Kromvoll
Døyppt i Naustdal kyrkje
Sverre Furset Eldevik
Døyppt i Folkestad kapell, Fjaler

HOLSEN KYRKJE

10. APRIL

Olai Holsen Ulvestad

NAUSTDAL KYRKJE

8. FEBRUAR

Gaute Andre Buttedal Buene Brede
Døyppt i Førde kyrkje

24. MARS

Leah Sæterskar Øyra
Døyppt i Sør Vågsøy kyrkje
Mia Osland-Ljostveit

GRAVFERD

FØRDE KYRKJE

01.03	Bjarte Sandal	f.1966
14.03	Olivie Pauline Aasen	f.1935
15.03	Terje Guddal	f.1964
26.03	Ingolf Konrad Horsevick	f.1932
04.04	Svein Eide	f.1967
09.04	Kjellaug Bruland	f.1938

NAUSTDAL KYRKJE

01.03	Sigrid Johanne Birkelid	f.1935
05.03	Norodd Kleiva	f.1945

VEVRING KYRKJE

29.02	Aslaug Kvammen	f.1928
-------	----------------	--------

14. APRIL

Ylva Midtbø Langedal
Liam Hagenes Kromvoll
Brage Orkelbog Jørgensen

VEVRING KYRKJE

1. APRIL

Othilie Underlid Grytten

Kyrkjeskyss Førde kyrkje hausten 2024

Treng du skyss
til gudsteneste?

For meir informasjon kontakt
kyrkjekontoret måndag-
fredag kl. 09.00-15.00, tlf.
57 82 81 80, eller diakon Anita
Øvreås Rusken tlf. 900 68 514.

Det blir dessverre ingen fast
kyrkjeskyss i sommar.

1. SEPTEMBER

Per Ingolf Nygård
tlf. 918 19 561

8. SEPTEMBER

Gunnar Johannessen
tlf. 917 27 191

15. SEPTEMBER

Ingvild og Harald Eikenes
tlf. 993 65 322/913 88 644

22. SEPTEMBER

Oddbjørg Espeset
tlf. 905 93 295


29. SEPTEMBER

Per Ingolf Nygård
tlf. 918 19 561

Frivillig i kyrkja?

Det er stadig behov for frivillige i kyrkjalydane til små og litt større oppgåver. Kan du tenkje deg å gje litt av tida di? Kan du vere med å halde kyrkjeskyssen i gong, hjelpe til på Spiren, vere tekstlesar eller vere med i besøkstenesta?

Kontakt kyrkjekontora.



Returadresse
Førde kyrkjekontor
Kyrkjevegen 23F
6809 FØRDE

Kinnaspelet

«Songen ved det store djup»

Kinnaspelet blir framført av Teater Vestland, musikarar og ca. 160 lokale amatørar og koristar.

Framsyning:

Laurdag 22. juni kl. 13.00 og 16.30.

Søndag 23. juli kl. 15.00.

Billetter får ein kjøpt på kinnaspelet.no, og på Kinn. Det går båt frå Florø frå kl. 09.00 begge dagane. Dei går etterkvart som dei blir fulle. Møt opp i god tid, seinast to timar før framsyninga.

Prisar: Båt frå Florø + teaterbillett: Vaksne kr 690,- Honnør kr 590,- Barn under 16 år kr 100,-.

Gåtene rundt kyrkja er mange, ikkje minst kvifor ei så rikt utsmykka kyrkje ligg så einsamt til. I eit forskningsprosjekt som har gått over to år, har ein prøvd å finne svar på nokre av spørsmåla. Dette har resultert i ei bok, «Kinnakyrkja – lengst vest i havet», som kom ut hausten 2023. Boka vil vere å få kjøpt under Kinnaspelet.



Det vil vere ulike aktivitetar på Kinn desse dagane:

- Gudsteneste søndag kl 11.00 ved biskop i Bjørgvin, Ragnhild Jebsen.
- Konsert i kyrkja med Elisabeth Gimmedstad Trio.
- Omvising og kveldsbøn i Kinnakyrkja.
- Familietur rundt Kinn, vikingaktivitetar for familiar, historia til Kinn og kunstutstilling.
- Sal av mat og drikke, suvenirar og bøker.

Sjå www.kinnaspelet.no for fleire opplysningar.

